

## Velkomen som konfirmant i Stord kyrkje

Neste år kan du feira din konfirmasjonsdag i Stord kyrkje! Velkomen som konfirmant hjå oss! Me gler oss til å bli kjent med deg!

### Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon tyder både «å stadfesta» og «å gjera sterkt». I konfirmasjonstida får du vera ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja; både du som trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt eller er nysgjerrig.

### Kva skjer i løpet av eit konfirmantår?

Konfirmantåret startar i august med presentasjonsgudsteneste og blir avslutta med konfirmasjonsgudsteneste i mai. I løpet av året blir det ulike samlingar i kyrkjene våre (i Stord og Nysæter) og i Kyrkjestova Fredheim, gudstenester, fasteaksjon og fasteaksjonskonsert.

#### - Samlingar i grupper

Konfirmantane vil møta til samlingar gjennom året. Desse samlingane vert i grupper. På desse samlingane vil me saman utforska ulike tema om tru, verda og deg sjølv. På informasjonsmøte vil det koma meir informasjon om korleis gruppene vert organisert.

#### - Gudstenester

Gjennom året tek konfirmantane del i gudstenester i kyrkjene våre, mellom anna presentasjonsgudsteneste og lysmesse. Konfirmantane må i tillegg delta på 3 gudstenester i halvåret, som dei sjølv vel når dei går på.

#### - Fasteaksjon

Neste vår skal me i samarbeid med Kirkens Nødhjelp delta på fasteaksjonen. Dette er ein landsomfattande innsamlingsaksjon som konfirmantar over heile landet deltek i. Her skal me òg vera med på ein



fasteaksjonskonsert.

### **Konfirmasjon for alle**

Alle menneske er ulike. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Om du har behov for tilrettelegging, ta kontakt med kyrkjekontoret. Saman finn me ut korleis me kan gi deg det beste tilbodet.

### **Konfirmasjon og dåp**

Er du ikkje døypt og lurar på om du kan vera konfirmant i kyrkja? Sjølv sagt kan du det! Men sidan dåp er ein føresetnad for å vera med på sjølve konfirmasjonsgudstenesta vil du få tilbod om å bli døypt undervegs i konfirmantåret.

### **Konfirmasjonsdato**

Når ein melder seg på til konfirmasjon, melder ein seg òg på det konfirmasjonstidspunktet ein ynskjer. Dette vil ein få høyra meir om på informasjonsmøte, og sjølve konfirmantpåmeldinga vil ikkje verta opna før etter dette møtet. Konfirmasjonane vert på tvers av grupper og skular.

### **Kostnad**

Det kostar 1500 kr å vera med på konfirmantopplegget i kyrkja.

Det er høve til å søkja støtte for å få dekka kostnad om det er behov for det.

### **Påmelding og innskriving**

**PÅMELDING:** Gå inn på [www.kyrkjastord.no](http://www.kyrkjastord.no) og meld deg på. **Påmeldinga opnar 22. mai.**

**PÅMELDINGSFRIST: SØNDAG 7. JUNI.**

**INNSKRIVING:** Det er informasjonsmøte og innskriving i Stord kyrkje. Møtet er for konfirmantar og føresette. Hugs å ta med innskrivingsarket!

20. mai kl. 18:30 – 19:30 i Stord kyrkje for Stord ungdomsskulekrins

20. mai kl. 19:30 – 20:30 i Stord kyrkje for Nordbygdo ungdomsskulekrins

Du må **BÅDE** melda deg på via heimesida, og skriva deg inn ved å møta til innskrivingsmøte.

**Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om de har spørsmål.**

Venleg helsing

Solbjørg Hope Angeltveit

Konfirmantansvarleg

Kyrkja i Stord og Nysæter

[sa367@kyrkja.no](mailto:sa367@kyrkja.no)

Mob. 47 85 49 73

# Innskriving

# KONFIRMANT✝

**Fyll ut dette arket og ta med på informasjonsmøtet i kyrkja 20. mai.**

## Kontrakt for å vera konfirmant i Stord kyrkje

For at konfirmanttida skal bli så god som mogleg, vil Stord kyrkje inngå ein kontrakt med kvar einskild konfirmant. Reglar og retningslinjer skal illustrera kva krav kyrkja stiller til deltaking, oppførsel og god folkeskikk, behandling av utstyr og bruk av mobil. Når du melder deg som konfirmant hos oss, må du prioritera dei samlingane som kyrkja arrangerer i løpet av konfirmantåret. Konfirmantane skal delta på ein del gudstenester (nokre fastsatte og i tillegg 6 stk. som dei vel sjølve). Det vert forventa at føresette, saman med konfirmantane, gjer gode vurderingar for kva som er grunnar for å eventuelt utebli frå samlingar.

### Ved å signera kontrakten, samtykker du til å

- Delta på undervisningsopplegget. Blir du hindra i å delta, skal føresette gi beskjed til konfirmantleiar.
- Behandla andre konfirmantar, konfirmantleiarar og andre vaksne med respekt. Det er nulltoleranse for krenkande haldningar og språkbruk.
- Behandla møblar, utstyr og materiale fint. Om noko blir øydelagt med vilje, vil konfirmanten og heimen bli haldne økonomisk ansvarlege for skaden.
- Respektera reglar for mobilbruk. Me tek som hovudregel ikkje mobilar med inn på samlingar.

**Føresette blir kontakta om regelbrot. I dialog med kyrkja skal det avklarast korleis gjennomføringa av konfirmantopplegget for konfirmanten skal halda fram.**

Eg \_\_\_\_\_ har lese gjennom saman med føresette, og forstår reglane som gjeld for at eg skal få lov til å vera konfirmant i Stord kyrkje. Eg skal følgja reglane, og veit at brot på desse kan få konsekvensar.

Dato: \_\_\_\_\_

Underskrift konfirmant: \_\_\_\_\_

Underskrift føresett(e) \_\_\_\_\_

Telefon føresett(e) \_\_\_\_\_